

Rogne, W. M. (2026). Samskriving av akademiske tekstar og forskningsetikk.  
Så lett, så vanskeleg. I R. Stokken, E. Gundersen & K. K. Sjøhelle (Red.),  
*Å skrive seg inn i profesjonen* (s. 27–43). Fagbokforlaget.  
DOI <https://doi.org/10.55669/731002>

Kapittel 2

## **Samskriving av akademiske tekstar og forskningsetikk**

– *Så lett, så vanskeleg*

**Wenke Mork Rogne**

**Samandrag:** I dette kapittelet tematiserer eg samskriving av akademiske tekstar i lys av forskningsetiske problemstillingar. Det finst fleire uskrivne reglar om forfatarrekkefølge og anerkjenning. Ulike fagtradisjonar har også ulike skrivepraksisar, og her vil eg drøfte fordelar og ulemper med samskriving i lys av nasjonale og internasjonale forskningsetiske retningslinjer. Å skrive saman kan vere ein skapande og kreativ læringsprosess for alle involverte, og bidra til felles meistring og kompetansebygging, samt gode samarbeid i og på tvers av institusjonar og fagmiljø. Sjølv om det finst ulike retningslinjer og anbefalingar, skal ein ikkje undervurdere sitt eige etiske kompass og intuisjon for korleis ein bør gå fram i samskriving av akademiske tekstar.

*Nøkkelord:* samskriving, etikk, retningslinjer, academia, intuisjon

**Abstract:** In this chapter, I address the collaborative writing of academic texts in light of research ethics considerations. There are several unwritten rules regarding authorship order and recognition. Furthermore, different disciplinary traditions entail distinct writing practices. In this chapter, I will discuss the advantages and disadvantages of co-authoring in relation to national and international research ethics guidelines. Collaborative writing may constitute a creative and generative learning process for all participants, fostering shared mastery and competence development, as well as promoting fruitful collaboration within and across institutions and academic communities. Although various guidelines and recommendations exist, one should not underestimate the importance of one's own ethical judgement and intuition when determining how to approach collaborative academic writing.

*Keywords:* collaborative writing, ethics, guidelines, intuition

---

Eg er takksam for alle erfaringane eg har fått gjennom gode, produktive og inspirerende læringsprosessar saman med mine medforfatarar i ulike publikasjonar og prosjekt. Dette bidraget vil eg dedisere til min gode kollega, professor Siv Gamlem ved Høgskulen i Volda, til 60-årsdagen. Ho har vore ein inspirerende kollega, mentor, medforfatar og samskapar i felles prosjekt og publikasjonar gjennom ei årrekke.

## Innleiing

I denne dokumentanalysen viser eg til eigne erfaringar med samskriving og støttar meg på nokre retningslinjer frå både nasjonale og internasjonale forskingsetiske komitéar om kva ein bør vere merksam på ved samskriving av ulike typar publikasjonar. Informasjonssamfunnet med ny teknologi, som til dømes kunstig intelligens, har òg ført til nye retningslinjer for skrivinga, noko eg vil diskutere. Ved samskriving, der fleire skaper ein fellestekst (Eritsland, 2008, s. 10), finst det ein del normer og uskrivne reglar for korleis ein kan gå fram. Samtidig varierer reglane mellom ulike miljø, og å få innsikt i desse er på mange måtar ein sosialiseringssprosess. Samskriving som arbeidsform inneber òg modellering av tekst, tilbakemeldingar og revisjonsarbeid, noko som kan vere læringsfremjande, men som òg blir utfordra og endra ved bruk av ny teknologi (Sørhaug, 2025, s. 10). Ein mykje nytta definisjon av samskriving er følgjande:

Collaborative writing is an iterative and social process that involves a team focused on a common objective that negotiates, coordinates, and communicates during the creation of a common document (Lowry et al., 2004, s. 72)

Med dei nye formene for samhandling som digital teknologi inneber, hevdar Sørhaug (2025, s. 39) at kanskje all digital skriving kan forståast som samskriving. Eg vil her vise til mi erfaring med nokre uskrivne reglar for samskriving, til dømes korleis eg har opplevd at ein fordeler medforfattarskap og rekkefølge i artiklar og bøker, og kva aspekt i forskingsetikken som blir viktige å tenkje over når ein skal samskrive.

## Kva kjenneteiknar samskriving i akademia?

Å skrive akademiske publikasjonar – bøker, artiklar, bokkapittel – saman med andre, er i fleire fagmiljø noko ein tek som ei sjølvfølge. For andre fagmiljø kan dette vere ein ukjend praksis. Som litteraturvitar kom eg frå ein humanistisk tradisjon der samskriving i akademia var mindre vanleg. Etter

fleire år i akademia har eg arbeidd med ulike fagdidaktiske problemstillingar, og etter kvart tok eg ei utdanningsvitskapleg doktorgrad og skreiv ein monografi som eg var åleineforfattar på. Deretter kom eg inn i eit tverrfagleg miljø der samskriving av akademiske tekstar var meir veletablert. Eg har skriva ei rekkje bøker og tidsskriftsartiklar saman med andre forskarar i eit tverrfagleg fellesskap, der vi fungerer som medforfattarar. Dette har vore svært lærerikt og utviklande på mange måtar.

I utdanningsvitskaplege, naturvitskaplege og matematiske tradisjonar er publikasjonar med mange medforfattarar standard praksis (Ewart, 2023). Synet på samskriving kan såleis variere ut frå kva fagtradisjon ein høyrer til. Det finst òg mange fordomar og mytar knytt til samskriving. Ein av desse fordomane er at det skal vere mykje enklare å publisere artiklar når ein er fleire personar. Dette er ikkje alltid tilfelle, sidan ein ofte må forhandle om innhald og form, noko som kan vere utfordrande. Ein annan fordom er at åleineforfattarar ofte er einsame ulvar som ikkje er i stand til å samarbeide med andre. Dette stemmer heller ikkje alltid; det kan handle om fagtradisjonar og tema som eignar seg best for å skriva åleine om. Nokre av artiklane eg har skriva åleine, har til dømes teke utgangspunkt i problemstillingar frå monografien i doktorgradsarbeidet mitt.

Samskriving kan vere både svært lærerikt og motiverande når ein har medforfattarar ein stolar på og respekterer. I andre tilfelle kan samarbeidet dra i ulike retningar, og skriveprosessen kan bli tung og vanskeleg. Alle forskarar har ulik kjemi, ulike læringsstilar og måtar å arbeide på, og det er viktig å kjenne etter om ein jobbar best åleine eller saman med andre forskarar (Ewart, 2023). Nokre gongar kan det vere utfordrande å avgjere kven som skal vere førsteforfattar, medan det andre gongar blir gjenstand for forhandlingar mellom medforfattarane. Det finst òg dilemma knytt til kor mykje dei ulike medforfattarane bidreg i dei ulike fasane av skriveprosessen. I dette kapittelet vil eg vise til både praktiske og etiske problemstillingar knytt til samskriving. Vidare vil eg ta føre meg fordelar og utfordringar ved samskriving av akademiske tekstar. Problemstillinga er som følgjer:

*Kva kan vere positive og utfordrande aspekt ved samskriving av akademiske tekstar, i lys av forskingsetikken?*

Ved samskriving med andre forskarar er det avgjerande å vere merksam på forskningsetikken. Omgrepet forskningsetikk viser til eit mangfald av verdiar, normer og institusjonelle ordningar som bidreg til å konstituere og regulere vitenskapleg verksemd (NESH, 2016). Forskningsetikken gjer oss tryggare på at ein kan ha tillit til forskning. Dette er særleg viktig i ei verd prega av mykje usikkerheit rundt ulike informasjonsstraumar, og der behovet for truverdig kunnskap er stort. Forskningsetikklova slår fast at: «Forskere skal opptre med aktsomhet for å sikre at all forskning skjer i henhold til anerkjente forskningsetiske normer. Dette gjelder også under forberedelser til forskning, rapportering av forskning og andre forskningsrelaterte aktiviteter» (Forskningsetikkloven, 2017).

I dette kapittelet vil eg, i tillegg til den lovgjevande instansen over, støtte meg til retningslinjer og anbefalingar frå Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH), som gir retningslinjer for god forskningsetisk praksis. Eg vil òg vise til internasjonale anbefalingar frå International Committee for Medical Journal Editors (ICMJE). Dette er ei gruppe redaktørar i ulike medisinske forlag som har utarbeidd anbefalingar for publikasjonar. Gruppa vart etablert i 1979 og laga retningslinjer kalla «Vancouver-konvensjonen», som har blitt oppdatert jamleg og i dag vert brukt av rundt 7500 medisinske tidsskrift verda over (NESH, 2024). Desse retningslinjene har òg blitt tekne i bruk som felles retningslinjer i andre fagfelt.

## Maktforhold og anerkjenning i samskriving

Jamfør forskningsetikken har alle forskarar eit etisk ansvar for kvarandre i eit forskarfellesskap (NESH, 2024). I større forskingsprosjekt kan det vere lurt å tidleg sikre jamn fordeling av publikasjonar ved å diskutere seg fram til ein publikasjonsplan, der ein fordeler hovudansvar for artiklar i forskarteamet. Denne planen blir eventuelt revidert i samråd med teamet, og målet er å sikre at alle forskarane får ansvar for ulike artiklar. I DigiHand-prosjektet (NFR, 2018–2022) utarbeidde vi ein publikasjonsplan (sjå tabell 2.1) som viste ulike roller i dei planlagde publikasjonane. Dette er eit døme på korleis ein publikasjonsplan kan førebyggje usemje om kven som har bidrege mest, og kven som har hovudansvar for kvar artikkel. Slike avklaringar er viktige, fordi

det er ulike forhold knytt til anerkjenning – det vil seie i kva grad ein skal bli respektert og rosa for arbeidet (NAOB, 2025) – og kven som kan seie å ha mest eigarskap til teksten. Det er òg viktig å avgrense problemstilling og datasett, slik at det ikkje oppstår usemje om kven som skal kunne publisere kva type datamateriale.

Tabell 2.1

*Publikasjonsplan brukt i NFR-prosjektet DigiHand (2018–2023)*

Oppdatert dato dd.mm.aa

Førsteforfattarar	Medforfattar	Forskingsspørsmål/ temaområde	Tidsskrift	Status
1. Siv Gamlem	2. Wenke Mork Rogne 3. Vibeke Rønneberg 4. Per Henning Uppstad	'Protocol article'. Bakgrunn for studien, vektlegging av studien sitt design, forskings- spørsmål, utvalstorleik osb. 'What are the effects of initial writing instruct- ion using a keyboard, postponing handwriting versus initial instruc- tion using pen and paper or a mixture of both approaches during the first two years of schooling?'	<i>Nordic Journal of Literacy Research</i>	Publisert 2020 (Gamlem et al., 2020)
1. Wenke M. Rogne og Vibeke Rønneberg (begge første- forfattarar)	2. Siv Gamlem 3. Eivor Finset Spilling 4. Per Henning Uppstad	'Effect-article' – resultat av prosjektet 'Is there an effect of the extent to which first graders write and learn to write by hand, or on the keyboard on a digi- tal device on, spelling, handwriting legibility, and text writing pro- ductivity and quality after the first year of schooling?'	<i>Learning and Instruction</i>	Publisert 2024 (Rogne & Rønneberg et al., 2024)
(osb ...)				

Dersom forfattarane er likestilte, som i bokpublikasjonar, kjem dei i alfabetisk rekkjefølgje. I andre tilfelle, som ved artikkelskriving, blir rekkjefølgja bestemt av innsats, anerkjenning og eigarforhold til arbeidet. Mi erfaring er at det er ei forventning om at det er førsteforfattaren som «eig» artikkelen og dreg skriveprosessen framover, og det kan også vere to førsteforfattarar (sjå tabell 2.1). Førsteforfattar er den som får mest prestisje og anerkjenning, har ansvar for framdrifta av arbeidet og siste ordet når det gjeld innhald og form. Det er òg førsteforfattaren som kallar inn til møte, sikrar samanheng og leverer inn artikkelen til tidsskriftet eller forlaget. Å vere førsteforfattar gir mest prestisje, samtidig som det tel positivt i kvalifiseringsløp til første- eller toppkompetanse. Sjølv om alle medforfattarane bidreg, er det ei forventning om at andreforfattaren er meir involvert i alle steg av forskingsprosessen og skrivinga av artikkelen enn tredje- eller fjerdeforfattar, til dømes. Ein må likevel vere merksam på at alle forfattarane skal bidra, og det skal vere tydeleg for alle kva bidrag den enkelte har gjort. I internasjonale tidsskrift er det blitt stadig vanlegare at alle medforfattarane skal skrive ei erklæring om kva dei har bidrege med til artikkelen. Nokre gongar blir desse omsyna diskuterte med tanke på kven som treng første- eller andreforfattarskap, til dømes kven som er i kvalifiseringsløp. Då blir det vurdert i kva grad medforfattaren har hatt ei sentral rolle i skrivinga av artikkelen. I slike kvalifiseringsløp vil det å vere første- eller andreforfattar på artiklar kunne vege tyngre, og det er knytt meir prestisje til denne rolla. Det er slik at førsteforfattarar – og nokre gongar sisteforfattarar – vil vere meir synlege i artiklar, etter nye retningslinjer for APA7. Om ein har tre eller fleire forfattarar, vil berre namnet til førsteforfattaren stå, noko som gjer dei andre medforfattarane meir anonyme. Samtidig bør omsynet til kven som har tatt initiativ til artikkelen og som har vore med i alle fasar av prosjektet, òg vege tungt, og dette inkluderer òg seniorar.

I større prosjekt kan rekkjefølgja på medforfattarskap sjølvsgt endre seg gjennom arbeidsprosessen fram til publisering, men det må då skje i samråd med dei andre i teamet. Enkelte gongar har ein andreforfattar tatt over ansvaret, sidan førsteforfattar av ulike grunnar ikkje kan bidra. Det kan òg vere asymmetriske maktforhold mellom forskarar, til dømes når ph.d.-kandidatar og yngre forskarar er involverte i prosjekt med seniorar, og då blir tidleg avklaring av rekkjefølgje i medforfattarskap spesielt viktig (NESH, 2016). Det er vanleg i ei artikkelbasert doktorgradsavhandling at rettleiar(ane) samskriv med kandidaten, men at kandidaten er første- eller eventuelt andreforfattar.

Seniorforskarane bør då vere sitt ansvar bevisst, slik at dei bidreg inn i skrivinga og ikkje misbruker makta og tilliten dei har i forskarfellesskapen ved å setje seg sjølve først. Dette krev ein gjensidig dialog og respekt for kvarandre i alle fasar av arbeidet. Det er ein uskriven regel om at stipendiatar og masterstudentar som skriv artikkel saman med rettleiar, skal stå som førsteforfattar ved publikasjonar basert på oppgåvene eller avhandlingane deira. Dersom dei òg er ein del av større forskingsprosjekt, kan dei stå som medforfattar på andre arbeid dersom dei har bidrege med vesentlege delar av datainnsamlinga samt skriving av artikkel. Om dei berre har henta inn data, men ikkje bidrege til skrivinga, blir ikkje dette rekna som nok til å automatisk stå som medforfattar. Juniorar eller seniorar skal såleis ikkje inkluderast som æresforfattarar om dei berre har vore med i datainnsamlinga og ikkje skrive direkte inn i artikkelen, men det er i alle slike tilfelle rom for etisk skjønn.

Det kan vere ein fordel at rekkjefølgja på medforfattarskap blir skissert tidleg i startfasen av eit prosjekt. Om det er tverrfaglege, internasjonale prosjekt med mange forfattarar, er det større sannsyn for at det kan oppstå ulike forventningar på grunn av ulik praksis. Det er òg viktig å syte for at avtalane blir oppdaterte for å sikre rettferdig involvering og anerkjenning (NESH, 2016).

Det er altså utfordringar knytt til rekkjefølgje på forfattarar i ein artikkel. Så vidt ein veit, finst det ingen einskapleg praksis eller klare retningslinjer for rekkjefølgje (Helgesson & Eriksson, 2019; Smith & Master, 2017; Helgesson et al., 2021). Nokre gonger vil rekkjefølgja endre seg i samråd med dei andre, ut frå kven som bidreg mest, medan andre gonger skjer det ikkje. Ein må av og til gi frå seg eit førsteforfattarskap og ansvaret for ein artikkel, for så å kunne få hovudansvar i ein annan. Slik blir sampublikasjon ein dynamikk mellom å bidra, gi og få. Det er uheldig når enkeltpersonar krev å vere førsteforfattar på det meste som blir publisert i eit felles forskingsprosjekt, sjølv om ein har legitime grunnar, til dømes fordi ein er i eit kvalifiseringsløp og treng det for opprykk. Ei felles publikasjonsliste kan då vere til hjelp for å sikre at alle interesser blir ivaretekne, og at ein ikkje publiserer noko som er i strid med planen, noko som kan føre til potensielle konflikhtar i teamet. Difor er det viktig at leiarane for teamet har oversikt over alle publikasjonar som er gjort undervegs, og oppdaterer lista jamleg, også etter offisiell prosjektslutt.

## Nokre rådgjevande retningslinjer ved samskriving av akademiske tekstar

Det finst rådgjevande organ som har retningslinjer som kan vere nyttige for å gjere samarbeidet mellom ulike forfattarar enklare. Eg har her plukka ut fire sentrale element om forfattar- og medforfattarskap som ICMJE (2024) viser til:

- Vesentlege bidrag til utforminga eller design av arbeidet, eller til innhenting, analyse eller tolking av data for arbeidet; OG
- Skrivning av arbeidet eller ein kritisk gjennomgang av det akademiske innhaldet; OG
- Endeleg godkjenning av versjonen som skal publiserast; OG
- Semje om å stå til ansvar for alle aspekt ved arbeidet for å sikre at spørsmål knytt til kor nøye ein er, eller integriteten til alle delar av arbeidet, blir undersøkt og løyst på ein god måte.

(Mi omsetjing)

Det har blitt stadig vanlegare å fylle ut ei forfattarerklæring på at ein har bidrege substansielt til ein artikkel i eit tidsskrift og/eller forlag (jamfør punkt 1 i ICMJE, 2024; NESH, 2016). Det er mykje diskusjon om kva som blir meint med «eit substansielt bidrag», og her ligg det ulike vurderingar til grunn (Helgesson et al., 2021). Fleire tidsskrift krev at alle forfattarane fyller ut ei forfattarerklæring med informasjon om kva dei har gjort i artikkelen for å oppfylle dette kravet. Likevel er det eit spørsmål korleis ein tolkar det. Nokre forskarar tolkar eit substansielt bidrag i vid forstand, det vil seie det som leier opp mot skrivning av ein artikkel, som til dømes deltaking i datainnsamling og diskusjon om metodar. Då står dei friare til å ta med fleire medforfattarar som til dømes ikkje har skrive artikkelen (Helgesson et al., 2021). Ei slik vid tolking kan ein forsvare ved å vise til transparens i forskingsprosessen.

Når ein skal beskrive forskingsprosessen og bidragsytarar, vil enkeltforskarar kome til syne. Sjølv om dei ikkje har vore med i skriveprosessen, kan dei likevel ha gjort eit større arbeid, til dømes intervjuar elevar eller samla inn data på skular, og såleis ha bidrege i forskingsprosessen (Helgesson et al., 2021). Men ifølgje NESH sine retningslinjer er dette derimot ikkje godt nok for å kunne stå som medforfattar:

Alle som har gitt vesentlige bidrag til prosjektet, bør gis anledning til å delta i det videre arbeidet frem mot publisering. Det er ikke tilstrekkelig å bare bidra med datainnsamling, veiledning eller finansiering for å bli oppført som medforfatter. Andre bidragsytere bør krediteres eller takkes i fotnoter, forord eller en sluttmerknad. En person som ikke har gitt et vesentlig bidrag, skal ikke stå oppført som forfatter. Alle former for såkalt æresforfatterskap er uakseptabelt (NESH, 2016).

Dei rådgjevande instansane i NESH (og punkt 2 i ICMJE, 2024) har altså ei noko smalare tolking av eit «substansielt bidrag». Retningslinjene oppmodar om at ein som medforfattar skal delta aktivt til eit ferdig produkt, noko som vil vise spor i teksten, anten ved revidering eller skriving i artikkelen. Då reknar ein ikkje berre med forskingsprosessen fram til artikkelen, men også kven som har deltatt i dette ved å oppfylle kravet som medforfattar.

Ifølgje punkt 3 i ICMJE (2024) blir det oppmoda om at alle medforfattarane skal gi ei endeleg godkjenning av artikkelen før innsending. Dette skal sikre kvaliteten og gi medforfattarane høve til å akseptere innhaldet, ettersom alle forfattarane står medansvarlege for artikkelen som heilskap, jamfør punkt 4 i ICMJE (2024). Vidare skal forfattaren kunne identifisere dei ulike bidraga frå medforfattarane. Medforfattarar som ikkje oppfyller desse fire punkta, bør ikkje stå som forfattarar, men heller takkast i etterordet. Dette kan verke enkelt å følgje, men i praksis kan det vere ei krevjande avgjersle, særleg dersom medforfattaren er oppført på ei tidlegare godkjent publikasjonsliste.

I NESH (2016) blir det understreka at alle forskarar har eit kollegialt ansvar for kvarandre i forskarfellesskapen. Forskarar bør vise gjensidig respekt og anerkjenne kvarandre sine bidrag, og dei skal vere sannferdige i prosjekt og publikasjonar. Kontinuerleg forskingsetisk refleksjon og diskusjon er nødvendig for å avklare gjensidige forventningar, forpliktingar og ansvar (NESH, 2016). Samtidig er NESH retningsgivande og ikkje ein rettsleg instans. Dei gir råd om korleis ein bør opptre etisk, men brot på konvensjonane får ikkje strafferettslege konsekvensar. Retningslinjene er likevel gode og kan hjelpe forfattarar til å ta riktige avgjersler i komplekse spørsmål om sampublikasjon.

## Positive aspekt ved samskriving

Det finst mange positive sider ved vitskapleg sampublikasjon. For det første spelar sampublikasjonar ei sentral rolle i å utvikle forskarfellesskap og bygge kompetanse både innanfor og på tvers av institusjonar og fagfelt. Slike samarbeid gir junior- og seniorforskarar høve til å utvikle både djup og brei kompetanse på eit felt, under rette vilkår. Kompetanse inneber her å utvikle kunnskap og ferdigheiter som å planleggje, strukturere og gjennomføre forskning, samt utvide nettverk med andre forskarar og forskingsmiljø på tvers av fagmiljø, institusjonar og landegrenser. Samskriving i forskning kan difor vere både nettverks- og kompetansebyggande (Bozeman & Corley, 2004). Katz & Martin (1997) rapporterer fire vesentlege fordelar med samskriving av artiklar. Nokre positive aspekt forskarane framhevar, er at det kan gi meir stabilitet over tid. Det kan også vere enklare å skaffe data i eit fellesskap, sidan fleire kan bidra i datainnsamling, og ein kan gjennomføre større prosjekt som genererer ulike datasett. I tillegg blir studiane lettare å verifisere, og data og målingar meir tilgjengelege for forskarane. Katz & Martin (1997) peikar likevel på at samskriving med fleire forfattarar berre er éin av mange faktorar for samarbeid.

## Utfordrande aspekt ved samskriving

Sjølv om samskriving har mange positive sider, kan det også vere problematisk, og det er gjort studiar på kva slags utfordringar som kan oppstå i sampublikasjon med andre. Eg har allereie omtalt nokre etiske problem, men det finst også praktiske utfordringar (Bozeman & Corley, 2004). Enkelte studiar nemner samarbeidsproblem i gruppa (Katz & Martin, 1997), og utfordringar med samarbeid mellom institusjonar (Chompalov & Shrum, 1999). Ei anna utfordring med samskriving kan oppstå når personar utan forskingsrolle blir inviterte som medforfattarar, utan innsikt i temaet eller prosjektet (Rennie & Flanagan, 1994), noko som kan føre til frustrasjon for dei andre medforfattarane. Stokes & Hartley (1989) hevdar at forfattarar nokre gonger

blir lista opp som medforfattarar berre ved å ha bidrege med materiale eller rutinearbeid knytt til datamateriale, medan andre forskarar har gjort det meste av skrivearbeidet. I motsett tilfelle kan ein oppleve at hovudidéane til ein forskar blir nytta i ein artikkel utan at denne blir kreditert eller inkludert som medforfattar (Bozeman & Corley, 2004). Dette er uetisk og må unngåast. Nokre gonger kan det få rettslege konsekvensar, jamfør opphavsrett og plagiat (Åndsverksloven, 2021, § 1–15). Andre gonger kan det vere utfordringar med å finne originale kjelder, eller at det blir laga fiktive kjelder, til dømes ved bruk av kunstig intelligens. Slike utfordringar kan vere vanskelegare å avdekke i samskriving av akademiske tekstar, så ein har eit særskilt etisk ansvar for korrekte kjeldetilvisingar i forskarfellesskapen, sidan alle medforfattarane er ansvarlege for den felles publikasjonen.

## Kunstig intelligens og nye, etiske retningslinjer

Forskarar har møtt nye teknologiutfordringar med kunstig intelligens (KI). Eit sentralt kjenneteikn ved KI er at teknologien «etterligner, erstatter og utvider menneskelig intelligent handling, og menneskelig beslutningstaking og vurdering» (NENT, 2019, s. 10), gjennom dataprogram som nyttar algoritmar til å trene opp eller optimalisere system. Det finst svært mange måtar å bruke KI på, og teknologien har eit enormt utviklingspotensial, men det er òg nokre etiske utfordringar knytt til denne (NENT, 2019). Etter at KI-genererte verktoy vart tilgjengelege på internett for alle, vart det naudsynt å oppdatere det etiske regelverket for korleis ein skal handtere desse verktoya. I 2019 kom det ein rapport om etiske utfordringar med KI, utgitt av dei nasjonale etiske komiteane (NENT, 2019). Rapporten peikar på utfordringar knytt til bruk av KI og omsyn til individ, menneskeverd, dyr, miljø og samfunn. Vidare understrekar rapporten at kommersielle bedrifter, forskarar og fagmiljø som utviklar KI-teknologi, har eit etisk ansvar for å vurdere risiko i utviklinga av teknologien, og at KI-system bør vere mogleg å inspisere. Det er òg utfordringar knytt til korleis forskarar kan formidle ein balansert diskusjon om eventuell risiko, moglegheiter og utfordringar. NENT (2019) oppmodar om

at forskningsetikk bør vere ein del av utdanninga i utvikling av KI-system, og at all utvikling skal vere i samsvar med grunnleggande forskingsetikk og personvernlovgiving. NENT (2019) tilrår å vere kritisk til truverd, relevans og kvalitet på KI-data. For å sikre reliabilitet og kvalitet bør forskarar leggje til rette for rettferdig fordeling av tilgang til data, og sikre at datakjelder vert gjort opne og allment tilgjengelege.

Det er òg utarbeidd oppdaterte, meir internasjonale anbefalingar for forfattarskap når det gjeld kunstig intelligens, utforma av International Committee for Medical Journal Editors (ICMJE, 2024). Desse anbefalingane er meir generelle og kan difor gjelde ulike internasjonale tidsskrift. Etter at KI vart teke i bruk på verdsbasis i academia, har det òg kome anbefalingar frå ICMJE (2024) om korleis ein skal handtere verktøyet ved samskriving av artiklar. Anbefalinga er at alle forfattarar som har nytta til dømes Large Language Models (LLMs), chatbotar, korrektur- eller KI-verktøy til biletutvikling, bør forklare korleis og til kva dette verktøyet er brukt i vedlegg til tidsskriftet dei skal publisere i.

Sidan KI genererer data frå fleire tekstar, kan ein ikkje vere sikker på kor nøyaktig, originalt eller truverdig produktet blir. Det er difor viktig at forfattarane er svært merksame på kva resultat som kjem ut av slik generering, og stiller seg kritisk til produktet, sidan det potensielt kan vere feilkjelder som ikkje vert fanga opp. Samstundes som KI kan vere eit nyttig verktøy for tekstredigering, er det forfattarane sjølve som står ansvarlege for opphavet dersom dei har nytta dette. Chatbotar (som til dømes ChatGTP) kan ikkje førast opp som medforfattar eller kjelde, og ein kan heller ikkje sitere KI slik ein siterer andre forfattarar. Dette er det dessverre ikkje alle som er klare over, og nokon set KI inn som kjeldetilvising. Ifølgje ICMJE (2024) må ein vere sikker på at teksten ikkje er plagiat, både når det gjeld tekst og bilete som er laga av KI. Det er alltid ei usikkerheit knytt til kvar kjelda kjem frå når ein nyttar KI, og dette er noko forfattarane har ansvar for å kvalitetssikre, sidan KI kan generere fiktive eller «hallusinerte» referansar. Medviten bruk av KI er difor nødvendig, og det er forskarane som til sist har det forskningsetiske ansvaret for publikasjonen.

## Konklusjon

I dette kapitlet har eg drøfta samskriving med andre forskarar i akademiske tekstar generelt. Eg har peika på utfordringar knytt til samskriving og rekkjefølgje på medforfattarskap, samt potensielle samarbeidsproblem på individ-, gruppe- og institusjonsnivå. Det er difor viktig å utvikle ei felles forståing og ha nokre felles reglar for skriveprosessen i starten av arbeidet. Vidare har eg teke føre meg nokre fordelar med sampublikasjon, som utvikling av motive- rande forsvarsfellesskap og kompetansebygging i miljøet. Andre etiske, retningsgjevande reglar som NESH (2016) og ICMJE (2024) om medforfattarskap kan vere nyttige å setje seg inn i, og desse viser òg til informasjon om korleis ein bør handtere bruk av KI. Men det er framleis mange «uskrivne» reglar i academia og praksisar som kan variere mellom ulike fagtradisjonar, så å få skriftleggjort desse reglane og vise til ulike retningslinjer for samskriving er mitt bidrag. Mine hovudanbefalingar for samskriving i academia i lys av forskningsetikken kan ha praktiske konsekvensar. Først bør ein som forskar avklare roller og forventningar tidleg. Undervegs i skriveprosessen bør ein oppdatere og revidere avtalar i eventuell forskingsplan, og gjere endringar der det trengst. Vidare bør ein ha eksplisitt godkjenning frå medforfatarane før innsending, vise eksplisitt til og kontrollere KI-bruken i teksten, samt syte for rette kjeldetilvisingar. Dersom forskarar eller andre har vore involverte i datainnsamling eller har lese og gitt innspel på ein tekst, er det vanleg sedvane å takke desse i etterordet i publikasjonen.

Eg vil understreke at mine egne erfaringar ikkje kan generaliserast til å gjelde alle fagmiljø i academia. Samstundes vil eg peike på at dei råda eg kjem med, heller ikkje bør lesast som absolutte sanningar. I nokre tilfelle kan det vere vanskelege grenseoppgangar for kva som er rett og gale når det gjeld sampublikasjonar. Ein skal ikkje undervurdere sitt eige forskningsetiske kompass og intuisjon i avgjerder som handlar om samskriving. Det er viktig å vere varsam og reflektere over maktforhold, eigarskap og kven som treng og bør krediterast i samskriving av akademiske tekstar.

Eg har erfart at det kan vere både krevjande og givande å skrive saman med andre forskarar. Dersom samarbeidet ikkje fungerer optimalt, kan det vere utfordrande, men det kan òg vere svært givande dersom ein har god kjemi og diskuterer forventningar i teamet på førehand. Det kan vere nyttig å utarbeide

ein publikasjonsplan i fellesskap, slik at ein sikrar rettferdig fordeling av planlagde publikasjonar. Vidare har eg opplevd samskriving som motiverande, fordi ein kan heve kvaliteten på ein artikkel gjennom tverrfagleg samarbeid. Samstundes kan det vere lettare å oppdage feil undervegs i skriveprosessen. Å skrive saman kan òg vere ein sosial, skapande og kreativ læringsprosess for alle involverte, og bidra til felles meistring og kompetansebygging. Gjennom samskriving byggjer ein dessutan solide nettverk på tvers av fagtradisjonar, institusjonar og nasjonar, noko eg ser på som svært verdifullt for utvikling og læring.

## Referansar

- Bozeman, B. & Corley, E. (2004). Scientists' collaboration strategies: implications for scientific and technical human capital. *Research Policy*, 33(4).
- Chompalov, I. & Shrum, W. (1999). Institutional collaboration in science: A typology of technological practice. *Science Technology and Human Values*, 24(3).
- Dale, H. (1996). The influence of coauthoring on the writing process. *Journal of Teaching Writing*, 15(1).
- Eritslund, A. G. (2008). *Samskriving: Ny veg i skriveopplæringa*. Samlaget.
- Ewart, J. (2023). *Authorship, co-authoring and collaborating: Planning your academic publishing journey*. Springer. [https://doi.org/10.1007/978-981-99-5902-0\\_5](https://doi.org/10.1007/978-981-99-5902-0_5)
- Forskningsetikkloven. (2017). *Lov om organisering av forskningsetisk arbeid* (LOV-2017-04-28-23). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2017-04-28-23>
- Gamlem, S. M. Gamlem, S. M., Rogne, W. M., Rønneberg, V. & Uppstad, P. H. (2020). Study protocol: DigiHand – the emergence of handwriting skills in digital classrooms. *Nordic Journal of Literacy Research*, 6(2). <https://doi.org/10.23865/njlr.v6.2115>
- Helgesson, G. & Eriksson, S. (2018). Revise the ICMJE recommendations regarding authorship responsibility. *Learned Publishing*, 31(3). <https://doi.org/10.1002/leap.1161>
- Helgesson, G. & Eriksson, S. (2019). Authorship order. *Learned Publishing*, 32(2). <https://doi.org/10.1002/leap.1191>
- ICMJE. (2024). *Recommendations for the conduct, reporting, editing, and publication of scholarly work in medical journal*. <https://www.icmje.org/icmje-recommendations.pdf>
- Katz, J. S. & Martin, B. R. (1997). What is research collaboration? *Research Policy*, 26(1). [https://doi.org/10.1016/S0048-7333\(96\)00917-1](https://doi.org/10.1016/S0048-7333(96)00917-1)
- Lowry, P. B., Curtis, A. & Lowry, M. R. (2004). Building a taxonomy and nomenclature of collaborative writing to improve interdisciplinary research and practice. *The Journal of Business Communication*, 41(1). <https://doi.org/10.1177/0021943603259363>
- Lunsford, A. A. & Ede, L. (2011). *Writing together: Collaboration in theory and practice*. Bedford St. Martin.
- NENT. (2019). *Forskningsetisk betenkning om kunstig intelligens*. De forskningsetiske komiteene. <https://www.forskningsetikk.no/globalassets/dokumenter/4-publikasjoner-som-pdf/forskningsetisk-betenkning-om-kunstig-intelligens-4.pdf>
- NESH. (2016). *De forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap og humaniora*. De forskningsetiske komiteene. <https://www.forskningsetikk.no/om-oss/komiteer-og-utvalg/nesh/hum-sam/forskningsetiske-retningslinjer-for-samfunnsvitenskap-og-humaniora/>
- Oliver, S. K., Fergus, C. E. & Skaff, E. (2018). Strategies for effective collaborative manuscript development in interdisciplinary science teams. *Ecosphere*, 9(4). <https://esajournals.onlinelibrary.wiley.com/doi/10.1002/ecs2.2206>
- Rogne, W. M., Rønneberg, V., Gamlem, S. M., Spilling, E. F. & Uppstad, P. H. (2024). Effects of digitalisation on learning to write – A naturalistic experiment. *Learning and Instruction*, 93, 101970. <https://doi.org/10.1016/j.learninstruc.2024.101970>
- Smith, E. & Master, Z. (2017). Best practices to order authors in multi/interdisciplinary health science research publications. *Accountability in Research: Policies and quality assurance*, 24(4). <https://pubmed.ncbi.nlm.nih.gov/28128975/>

Sørhaug, J. O. (2025). *Samskriving i skolen*. Samlaget.

Åndsverksloven. (2021). *Lov om opphavsrett til åndsverk* (LOV-2021-05-28-49). Lovdata.  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-15-40>

